



Melding om vedtak

Miljøverndepartementet
Postboks 8013 Dep.
0030 OSLO

Vår ref.: 12/1213-5

Dykkar ref.:

Arkiv: K2-K12, K3-&13

Dato: 10.07.2012

Ny heilskapleg verdsarvpolitikk - Uttale frå Stranda kommune

Vedlagt følgjer Stranda kommune sin uttale til Miljøverndepartementet (MD) sitt framlegg til ny politikk for forvaltinga av verdsarven i Norge, ”Ny, *helhetlig verdsarvpolitikk*”, mars 2012.

Stranda kommune har i sin uttale hatt fokus på følgjande:

1. Stranda kommune er positive til at det vert arbeidd for å få på plass ein nasjonal og heilskapleg politikk for verdsarven i Noreg.
1. For å ta vare på verdsarvområda i Noreg, oppfordrar Stranda kommune til at det vert arbeidd fram gode forvaltningsplanar og handlingsplanar på tvers av sektorar og departement, og at desse er med på å ansvarleggjere dei ulike instansane.
2. Heilskapleg nasjonal politikk for verdsarven i Noreg må ikkje leggst fram som ei sektormelding, men må etter vårt syn forankrast i ei eiga stortingsmelding.
3. Stranda kommune vil understreke behovet for eit sterkare fokus på tilrettelegging for næringsutvikling i verdsarvområda, og kanskje særskilt auka satsing på styrking av landbruket.
4. Stranda kommune støttar uttale til verdsarvpolitikk frå verdsarvrådet for Vestnorsk Fjordlandskap med innspel til punkt om:
 - Identifisering av verdsarven i Norge
 - Organisering, aktørar og samarbeid
 - Lovverk og forvaltningsplan for verdsarven
 - Buffersoner
 - Overvakning og rapportering
 - Senter for verdsarven
 - Formidling
 - Kunnskap og kompetanse
 - Skule og utdanning
 - Internasjonalt samarbeid
 - Verdiskaping
5. Konkrete merknadar og konkretiseringar til dei ulike punkta frå Stranda kommune kjem fram i vurderinga.

Desse punkta vart stadfesta i behandling i Stranda formannskap i møte den 02.07.12 i sak 107/12. I tillegg ville formannskapet minne om bakgrunnen for at Stranda kommune i samarbeid med andre søkte verdsarvstatus for Geirangerfjorden. I dette låg eit ynskje om større fokus på vern gjennom aktiv bruk og busetnad i området. Vi har eit sterkt næringsliv i området, og ein må vakte seg for at verdsarvpolitikken vert til hinder for vidare utvikling av området. Ein må difor ha stort fokus på tilrettelegging for næringsutvikling, og kanskje særskilt auka satsing på styrking av landbruket. Berre slik vil vi framleis ha levande bygder som også i framtida vil yte sitt ytterste for at verdsarven vert teken vare på og utvikla til beste både for innbyggjarane og for dei tilreisande.

Med helsing
Stranda kommune

Astrid Eide Stavseng
Planleggar

Dette brevet er godkjent elektronisk i Stranda kommune og har derfor ikkje signatur.

Kopi til:
Aurland kommune
Verdsarvrådet v/Erling Oppheim

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
27.06.2012	Ny heilskapleg verdsarvpolitikk	133805